



Sykkylven kommune

Arkiv: FE-100
JournalpostID: 24/14473
Saksbehandlar: Torbjørn Emblem
Dato: 12.11.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-102/24	Formannskapet	28.11.2024
PS-	Kommunestyret	
PS-59/24	Levekårsutvalet	13.11.2024
PS-64/24	Levekårsutvalet	26.11.2024
PS-38/24	Nærings- og utviklingsutvalet	19.11.2024
PS-24/24	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	18.11.2024
PS-21/24	Ungdomsrådet	18.11.2024
PS-23/24	Eldrerådet	18.11.2024
PS-28/24	Arbeidsmiljøutvalet	14.11.2024

Budsjett og økonomiplan 2025 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyre.

Levekårsutvalet - 59/24

LK - behandling:

Kommunedirektør Torbjørn Emblem gjekk gjennom budsjettet. Utvalet fekk saka kvelden før møte og saka vert derfor utsett.

LKVedtak:

Arbeidsmiljøutvalet - 28/24

AMU - behandling:

Arbeidsmiljøutvalet diskuterte saka og kom fram til eit samrøystes vedtak.

AMUVedtak:

Arbeidsmiljøutvalet ønsker å kome med innspel på at det i vedtak av budsjettet må tenkast over korleis budsjettet rammar dei tilsette. Ved reduksjon eller ikkje auke av bemanning, samt auke av levering på tenester, vil presset på einingane bli større.

AMU er bekymra for at dette kan føre til eit auka sjukefråver og/eller vi mistar kompetanse jamfør budsjettframlegget. Til dømes reduksjon i vaktmeisterteneste, bemanning heimetenestene/BUAS,

manglande styrking av SFO Aure barneskule som følgje av gratis SFO for 4. trinn, og innføring av matsservering på SFO Aure barneskule.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 24/24

FUNKS - behandling:

Rådet drøfta seg fram til eit samrøystes vedtak.

Rådet ønskjer at CRPD blir tatt inn i økonomiplanen.

Rådet er uroa over redusert bemanning på Skjerma avdeling vil føre til dårlegare helsetilbod, auka sjukmelding hos tilsette og auka utgifter til vikarer.

FUNKSVedtak:

Rådet ønskjer at CRPD blir tatt inn i økonomiplanen.

Rådet er uroa over redusert bemanning på Skjerma avdeling vil føre til dårlegare helsetilbod, auka sjukmelding hos tilsette og auka utgifter til vikarer.

Eldrerådet - 23/24

ELD - behandling:

Kommunedirektør Torbjørn Emblem la fram budsjettet, orienterte, og svara på spørsmål frå råda.

Eldrerådet ynskjer å legge til slik kommentar til framlegget til kommunedirektøren sitt vedtak:

Eldrerådet ber administrasjonen sette av nok midlar for å sikre ei verdig omsorgsteneste og arbeide vidare med rekruttering og faste heile stillingar i omsorgstenesta.

ELDVedtak:

Eldrerådet si tilråding:

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyret.

Eldrerådet ber administrasjonen sette av nok midlar for å sikre ei verdig omsorgsteneste og arbeide vidare med rekruttering og faste heile stillingar i omsorgstenesta.

Ungdomsrådet - 21/24

UNGD - behandling:

Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte og svara på spørsmål.

Ungdomsrådet diskuterte saka.

Utbetring av storhallen då enkelte grupper ikkje kan ha treningstid der på vinteren pga.

temperaturen er for lav. Noko ungdomsrådet tok opp også i fjor. Det bør også kome på plass gangfelt

der ein krysser vegen frå kyrkja og mot vidaregåande skule. I tillegg bør ein styrke bevillinga til

skulehelsetenesten. I dag opplever fleire ungdom at helsesjukepleiar ved Sykkylven ungdomsskule

ikkje har kapasitet til å ta i mot alle.

Samrøystes vedtak.

UNGDVedtak:

- Utbetring av storhallen. Enkelte grupper som har treningstid i storhallen, for eksempel RG, opplever at temperaturen er for lav. Ein bør kunne justere temperaturen i forhold til aktiviteten. Til dømes har treningar og gym timar blitt avlyst pga. temperatur.
- Gangfelt der ein krysser frå kyrkja og vegen mot vgs.
- Ein bør styrke bevillinga til skulehelsetenesten. Allereie i dag er det for lite tilgjengeleg.

Nærings- og utviklingsutvalet - 38/24

NU - behandling:

Kommunedirektør Torbjørn Emblem la fram budsjettet, orienterte og svara på spørsmål.

Kommunalsjef Odd Jostein Drotninghaug orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NUVedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet si tilråding:

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyre.

Levekårsutvalet - 64/24

LK - behandling:

Kommunalsjef helse Henning Pilskog og kommunalsjef oppvekst Linda Hovland svarte på spørsmål.

Utvalet diskuterte saka og kom fram til eit samrøystes vedtaket.

LKVedtak:

Tilråding frå levekårsutvalet:

- Auke antal dagar på dagsenteret for eldre og dagsenteret for demente for å avlaste heimane og gi større spelerom for heimetenestene.
- Styrking av bemanning av heimetenestene/korttidsrehabiliteringsavdelinga med eitt årsverk, med tanke på større fleksibilitet når det gjeld mottak av utskrivingsklare pasientar.
- Fast 100% fysioterapeutstilling for barn og unge og 130% stilling i skulehelsetenesta for å vidareføre gjeldande tiltak, jamfør vedtak i ungdomsrådet.
- Vidare drift av psykisk helseteam for barn og unge for å hindre at dette tilbodet fell vekk.

Formannskapet - 102/24

FSK - behandling:

H, Frp og V sette fram slikt forslag til vedtak:

1. Skatteøret vert sett til den maksimale satsen Stortinget vedtek

2. Eigedomsskatt

1. Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3
2. Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.
3. Satsen for eigedomsskatt vert sett til 2,1 promille. Ein reduksjon på Kr: 3 222 000,-

3. Opptak av lån for finansiering av investeringar kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner 38 060 000,- for å dekke investeringar i 2025. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

4. Opptak av lån for vidare utlån

Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for vidare utlån fra Husbanken på 15 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement

5. Disponering av driftsrammer

Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B, med slike endringar:

Auke i utgifter på tilsaman Kr: 6 592 000,-

- Styrking av fysioterapi frå 40-100 % stilling kr: 450 000,-
- Styrking av skulehelsetenestene som i dag Kr: 1 000 000,-
- Dagsenter demente utviding frå 4-5 dager Kr: 350 000,-
- Dagsenter for eldre utviding frå 3-5 dager Kr: 700 000,-
- Drift av psykisk helseteam for barn og unge vidare som i dag Kr: 670 000,-

- Vinterbrøyting Fasteindalen Kr: 200 000,-
- Eigedomsskatt vert sett ned med kr 3 222 000,-

Auke i utgifter vert finansiert ved auke i inntekter på tilsaman Kr: 6 592 000,- som fylgjer:

- Forventa gevinst av rentenedgang gjennom 2025 årseffekt 0,5 % Kr: 3 500 000,-
- Auke i frie inntekter for 2025 årseffekt Kr: 3 100 000,-

Oppsummering verbalpunkt:

Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter.

Administrasjonen melder tilbake til formannskapet og kommunestyret korleis rammene blir fordelte på einingar og områder når dette er avklart, og evt. seinare vesentlege endringar av desse. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert kvartalsvis i høve til møteplan.

For året 2025 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med forskrift.

For året 2025 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

Driftstilskot til «Høbben» på kr 200.000 vert vidareført i 2025.

Som eit ungdomstiltak oppmodar kommunestyret administrasjonen om å vidareføre ordninga for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om sommarjobb i ei veke eller to med stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det er i budsjettet sett av kr 200.000 til dette i 2025.

Etablering av gangbru over Aureelva på vestsida av RV60. er inne i budsjettet med Kr: 2 500 000,-

Kontantstøttekassa vert auka frå 50 000,- til same som i 2024 Kr: 100 000,-

Støtte til Vinterlys i sentrum som Lions står for, vert støtta med Kr: 30 000,- årleg.

6. Finansielle måltal:

Sykkylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal på sikt minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einkilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå.

Ap og SP bad om gruppemøte. Dette vart innvilga. Etter gruppemøtet vart det votert over det framsette forslaget.

Formannskapet tilrår med 5 mot 4 røyster: Som forslaget som sett fram av H, Frp og V.

FSKVedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Skatteøret vert sett til den maksimale satsen Stortinget vedtek.

2. Eigedomsskatt

1. Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3.
2. Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.
3. Satsen for eigedomsskatt vert sett til 2,1 promille. Ein reduksjon på Kr: 3 222 000,-

3. Opptak av lån for finansiering av investeringar kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner 38 060 000,- for å dekke investeringar i 2025. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

4. Opptak av lån for vidare utlån

Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for vidare utlån fra Husbanken på 15 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

5. Disponering av driftsrammer

Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B, med slike endringar:

Auke i utgifter på tilsaman Kr: 6 592 000,-

- Styrking av fysioterapi frå 40-100 % stilling kr: 450 000,-
- Styrking av skulehelsetenestene som i dag Kr: 1 000 000,-
- Dagsenter demente utviding frå 4-5 dager Kr: 350 000,-
- Dagsenter for eldre utviding frå 3-5 dager Kr: 700 000,-
- Drift av psykisk helseteam for barn og unge vidare som i dag Kr: 670 000,-
- Vinterbrøyting Fasteindalen Kr: 200 000,-
- Eigedomsskatt vert sett ned med kr 3 222 000,-

Auke i utgifter vert finansiert ved auke i inntekter på tilsaman Kr: 6 592 000,- som fylgjer:

- Forventa gevinst av rentenedgang gjennom 2025 årseffekt 0,5 % Kr: 3 500 000,-
- Auke i frie inntekter for 2025 årseffekt Kr: 3 100 000,-

Oppsummering verbalpunkt:

Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter.

Administrasjonen melder tilbake til formannskapet og kommunestyret korleis rammene blir fordelte på einingar og områder når dette er avklart, og evt. seinare vesentlege endringar av desse. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert kvartalsvis i høve til møteplan.

For året 2025 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med forskrift.

For året 2025 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

Driftstilskot til «Høbben» på kr 200.000 vert vidareført i 2025.

Som eit ungdomstiltak oppmodar kommunestyret administrasjonen om å vidareføre ordninga for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om sommarjobb i ei veke eller to med stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det er i budsjettet sett av kr 200.000 til dette i 2025.

Etablering av gangbru over Aureelva på vestsida av RV60. er inne i budsjettet med Kr: 2 500 000,-

Kontantstøttekassa vert auka frå 50 000,- til same som i 2024 Kr: 100 000,-

Støtte til Vinterlys i sentrum som Lions står for, vert støtta med Kr: 30 000,- årleg.

6. Finansielle måltal:

Sykkylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal på sikt minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einkilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå.

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028.

Saksopplysningar

Regjeringa har lagt fram sitt framlegg til Statsbudsjett for 2025 med tilhøyrande rammer for kommunal sektor. Framlegge er den 1.november justert slik at Sykkylven kommune til liks med andre kommunar mottok meir i rammeoverføringar for 2025.

Samla overføringar av frie inntekter (skatt og ramme) kjem fram i budsjettframlegget i tabellen over inntektssida til Sykkylven kommune. Endelege overføringar vert vedteke i Stortingshandsaminga i desember månad.

Kommunedirektøren har laga eit budsjettframlegg for åra 2025 - 2028 for Sykkylven kommune som var presentert for kommunestyre den 11.november.

Dei økonomiske vilkåra for kommunal sektor og Sykkylven kommune gjev innstrammingar på dei fleste områda. Det er likevel eit godt grunnlag for fortsatt gode og forsvarlege tenester i kommunen på dei fleste område.

Budsjetttrammene på dei store tenestene innan helse og oppvekst er likevel under press i ein marginal kommuneøkonomi.

Rekruttering vert ei utfordring gjennom 2025 og vidare framoverfor og på den måte sikre eit forsvarleg tenestetilbod.

Gjennom året 2025 bør ein ytterlegare planlegge og kvalitetssikre økonomiplanperioden 2026-2028.

Vurdering

Kommunedirektøren sitt framlegg er lagt fram.

Økonomiske konsekvensar

Kjem fram i kommunedirektøren sitt framlegg.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør